

SVARTEVJA





Svartevja

For 200 år sidan var Gausdal og Fåberg sentrale områder for motemusikken på dei tider. Her var det eit yrande musikkmiljø som engasjerte både «fiffen og folket». Musikken har levd vidare gjennom notenedteikningar, erindringar og ei og anna spelkvinne og -mann.

Mari Skeie Ljones frå Jørstadmoen på Fåberg har lenge tenkt det var på tide at denne musikken blei spelt inn og har jobba med å finne fram ukjende perler. Ho spurde Nina Fjeldet frå Åndsreppen i Østre Gausdal om ho ville vere med å lage plate, og heldigvis hadde Nina tenkt liknande tankar. Men dei ville ha med seg fleire til å spele hitane frå heimbygda, og i lag med lillehammeringane Johannes Selvaag og Camilla Granlien vart Svartevja til. Fiskestaden Svartevja ligg like ved plassen Mari vaks opp, og er ikkje langt frå der Gausa og Lågen møtest. Gruppa Svartevja spelar låtane som fiffen dansa til på ball, medan bygdafolket stod utanfor vindauget og lytta og såg; og dei spelar springdansen og galoppen som vart spelt på husmannsplassen. Bygdespelemannen var med begge plassar, og det er han som er helten vår.

Dette er ei plate med Nina og Mari i duo, Johannes, Nina og Mari i feletrio, Camilla, Johannes og Mari i trio, ei felles skillingsvise og ein solo menuett med Mari. Velkommen til Svartevja, og musikken frå Sør-Gudbrandsdalen!



1. To feiarar

Simen Pedersen (f. 1832) var født på Furnes, og gjekk i skred-darlære på Gjøvik. Han spelte klarinett og fele, og var så god at han skal ha spelt i Lars Hollos ensemble. Heldigvis gifta Simen seg med Anna Larsdotter frå Øyer, så vi kan ha med denne fine feiaren på plata vår.

Christian Engebretsen Bræin (1837–1912) frå Fåberg lærte å spele fele av stefaren og onkelen Ole Bræin. Christian spelte tidleg til dans og var songlærer i Øyer og Gausdal allereie som 16-åring. Då han var 23 år reiste han til Brüssel for å studere fiolinspel på konservatoriet, og han vart sidan organist og dirigent i Molde og Kristiansund.

2. Druen vokser

Dette er ein av bordsongane Christian Thaulow (1806–1888) har med i skildringa si frå eit juleball i Østre Gausdal prestegard i 1819. På festen var det embetsfolk og bønder frå Gausdal og Fåberg, og der kunne ein høyre denne songen frå syngespelet Dragedukken. Teksten er av justitiarius Enevold de Falsen (1755–1808) som var interessert i teater og av at Norge skulle bli sjølvstendig. Enevold var faren til «Grunnlovens far», Christian Magnus Falsen. Melodien er skriven av tyskdanske Friedrich Ludwig Æmilus Kunzen.

Vi har også tatt med ein liten del av ein reinlendar etter Trygve Bekkemellem (1911–1988) frå Saksumdal. Trygve spelte mandolin og fele og var sjølv lært elektrikar og snikkar. Da Mari og Nina spelte i Lillehammer juniorspelemannslag, fekk dei høyre kassettopptak med Trygve der han spelte denne reinlendaren.

*Druen voxer paa vor Klode
og paa Ranken Glæden groer,
Vinen gjør os vel til mode,
Skjøn er vores runde Jord:
– Klinker, Brødre! Glædens Skaal!
Den er hele Jordens Maal.*

*Stundom vil man dog fornemme
At der Sorg hos Glæden boer,
Druen spiller, og vi glemme
Sorgerne paa denne Jord,
– Al dens Galskab, al dens Fjas
Drukner i det fulde Glas.*

*Fader Evan Frihetshuen
Paa sin Isse fæstet har,
Frie Hænder presser Druen,
Og dens Saft er dobbelt klar.
– Klinker Brødre, synger kor,
Frihed paa den hele Jord!*

3. Springar etter Tobias Kirkebøhaugen

Tobias Kirkebøhaugen (1869–1956) frå nedre Svatsum skal ha tralla denne slåttten. Vi har han etter barnebarnet Oddvar Dampen (1917–2005) som spelte fele. Oddvar kom frå ein musikalsk heim med både trekkspel og song, og han starta tidleg å spele til dans. Oddvar er ei viktig kjelde for slåtter og spel i Gausdal.

4. Springerer og Tronn Tråver

Johan Evensen Hoelshagen (1862–1949) var felespelar frå Søndre Ål på Lillehammer. Han budde nokre år på Gjøvik, der han spelte i Gjøvik Salongorkester. Han flytta tilbake til Lillehammer og tok aktivt del i musikklivet der. *Springeren* er ein polka vi trur det er Johan som har laga.

Trond Olsen Enebakk (1812–1885) var fødd på Øvre Saghaugen i Nedre Svatsum. Han vart kalla Tronn Tråver, og ein av forklaringene på det er at han var postmann og at han småflaug då han gjekk rundt med posten. Ein gong han spelte til dans, dansa eit par han ned så han brakk foten. Men han gjekk ikkje glipp av neste speling av den grunn, fire karar drog han til festen på ein kjelke. Vi har *Tronn Tråver* frå opptak med Kolbjørn Kleva (1909–2000) frå Lieshøgda i Østre Gausdal. Han var ein dyktig og allsidig felespelar. Dette opptaket er gjort av NRK i Oslo i 1934.

5. Norvald

Norvald Kleiven (1914–2004) spelte fele og klarinett og hadde sitt eige danseorkester i ungdommen. Han var med i Lillehammer byorkester og var dirigent i Biri orkester. Han arrangerte mykje musikk for biringane, det meste av det var runddans. Norvald skreiv alle notane i boka *Fra menuett til masurka*, og redaktøren skriv at Norvald kom med ei note på ein springleik rett før boka gjekk i trykken. Det var ein gamal stubb faren Nikolai Kleiven alltid tralla på, og vi kallar springleiken *Norvald*.

6. Suttestadvisa

Denne skillingvisa fekk vi frå Stein Villa på folkemusikkarkivet på Gjøvik. Den var sunge av Hans Hagengen (1907–1979) frå Vibergsroa i Vardal til Tore Lauvdal i 1972, og har handling frå Suttestad på Lillehammer. Vi har også tatt med nokre vers frå Alf Prøysen si utgjeving *De gamle visene*.

*I Suttestad på Fåberg der bygde man en bro,
den hever seg fra grunnen ti en alen mer enn to,
og dypt i svælget under den er dalen full av store sten
og kvistefulle trær og røtter etter den.*

*Ja, denne onsdagsaften da holdt vi også på,
for penger må man tjene før vinteren kommer grå.
Arbeide hårdt og tjene litt det må en slusk jo gjøre titt
og risikere livet å få sin helse slitt.*

*Et lag der holdt på nede med muring og med slikt,
og de som fylte dalen de gjorde og sin plikt.
Fulle vagger kjøres frem og tomme drar avsted igjen
og dype hull i skjæringen det syntes etter dem.*

*Blant andre var en svenske i dette arbe'slag
men denne onsdagsaften blev hans skæbnesvangre dag.
Han skulle kjøre vaggeren frem, og ut av sporet glider den
og tar så med seg gutten ut over skråningen.*

*Og den stakkars arme gutten han måtte følge med,
han knuste hjerneskillen og fikk armen bragt av ledd,
Men også andre sår han fikk, så blodet fløt hvorhen det gikk
og på båra blev han lag i det neste øyeblikk.*

*Etter doktoren man sender et hastig, ilsomt bud
mens kjæresten satt hjemme og gret og bad til Gud.
Hun visste ei i denne stund at hennes gutt i dødens blund
måskje i denne time er han ved gravens rand.*

*Og doktoren han kommer så snarlig som han kan
Man slipper nok å vente på denne brave mann
Til sykehuset opp han må, og der skal det forsøkes på
Om livets gnist kan reddes enn om det må forgå.*

*Og legen hadde håpet enskjønt det var ei stort,
kan hende han kan leve kan hende han går bort.
Men ei min kur forslår til sist når livets siste svake gnist
skal slukkes som et stjerneskudd på himmelhvelven hist.*

7. Menuett etter Kristian Hansen Hølen

Kristian Hansen Hølen (1771–1827) frå Fåberg spelte fele og klarinett, og er den fyrste kjende spelemannen frå Bræinslekta. For å spele offentleg på denne tida måtte ein ha kongeleg privilegium, og i 1789 betalte Kristian fire riksdalar for retten til å spele på Fåberg. Kristian drukna i Gausa i 1827. Sonen Ole spelte to springdansar og ein menuett etter faren, som vart notert ned av barnebarnet Edvard Bræin.

8. Riddaren og jomfrua

Denne balladen har vi frå Ole-Hermod Henriksen si samling med songar frå Gausdal. Han har den etter Synnøve Sveen (1910–1982) og Karen Solvang (1902–1985) som leikte denne på juletreffestar den gong dei var elevar på Engjom skule. Gutane dansa valeslengsteg i ein ring med jentene rundt, før gutane «bandt band» rundt jentene og dei dansa saman i par.

*Og riddaren ristar på sitt raude gullband,
så binder han det om sin kjærastes arm.*

*«Du treng nå slett ikkje binde bandet så hardt.
Eg aktar nå ikkje å røme så snart.»*

*Men jomfrua borte på skogen ho sprang.
Og der vart ho verande natta så lang.*

Dei leitte etter henne med spjut og med sverd.

*«Og vil du meg noko så har du meg her!»
Nei, sjå nå kor lystig dei dansar dei to.
Med snøhvite sokkar og sylvspente sko.*

9. Frøyling

Felespelar Johan Hoelshagen og sønene Even, Kristian og Olaf spelte alle i Lillehammer byorkester, og sønene spelte saxofon, klarinett og fele. Denne reinlendaren har namnet Frøyling reinlender i *Fra menuett til masurka*, og vi lurar på kven Frøyling var.

10. Hågåhaughallingen

Ivar Hagehaugen (1890–1960) budde på Hagehaugen i baklia i Østre Gausdal, der han hadde ni barn med kona Magnhild Johannesdatter. Ivar var skreddar, skomakar, smed og felespelar. Han skal ha vore sær sars musikalsk, hadde eit godt gehør og spelte friskt og livfullt. "N' hadde så god takt n' Ivar, så' n sto på scenekanta og spelte og slo jentan i huggu med felbågåå, å spelte att utta å miste takta", fortalde Matias Stormoen (1903–1992) som lærde felespel etter han Ivar. Han skal óg ha

hatt ein taktfast knebøy når han spelte denne hallingen. Vi har hallingen etter Kjell Stormoen (f.1937), sonen til Matias. Kjell er ein dyktig felespelar og ei viktig kjelde for slåttemusikken i Gausdal. Kjell er framleis aktiv i Gausdal spelmanslag.

11. Hvi vil du dig saa klage

Hvi vil du saa klage er ei av salmene O.M. Sandvik skreiv opp etter Petter Nordgårdssveen (f. 1851) frå Øvre Svatum. Den vart sunge på gravbakken når dei kom med liket, og teksten er av Nikolaj Frederik Severin Grundtvig (1783–1872).

*Hvi vil du dig saa klage
og jamre, kære Sjæl!
dig selv med sorgen plage
tro dog din skaber vel!
Slaa dig i ham til ro!
han véd din Sag at vende
til en lykkelig Ende
det skal du stadig tro.*

*Gud aldrig dem forlader
i nogen Modgangstid,
som kænder ham for Fader
og slaar til ham al Lid;
ser det end farligt ud,
du tør ej ved at grue,
du skal dog Frelse skue
fra al Miskundheds Gud.*

*Om alle Døre lukkes,
hvor du vil spørge Vej,
om alle Lys end slukkes,
saa tab dog Modet ej!
Kun ti og taal og bi!
Vil Gud dig Hjælp tilskikke,
da kan al Verden ikke
dér gøre Hinder i.*

*For alle Verdens Magter
ej frygter Guds de smaa,
alt, hvad de eftertragter,
de sikkert skal opnaa:
Guds Hjælp i alskens Nød,
Guds Trøst i al den Kvide,
de friste maa og lide –
Guds Fred i Liv og Død.*

12. Springdans etter Kristian Hansen Hølen

Det har kome mange musikarar i Bræinslekta etter Kristian. Sonen Hans (1803–1839) var ein populær muskar i området, og i lag med faren og broren Ole (1816–1901) var dei av spelemennene som spelte hos og med embetsfolka. Hans mista livet på isen ved Svartevja ei jul han var på veg til spelejobb på Lillehammer. Harald Bræin, som er den som foreslo at Mari skulle starte å spele fele, er tippoldebarnet til Kristian.

13. Galopp etter Stormoen

Denne har vi etter Kjell Stormoen (f. 1937) frå Vestre Gausdal. Kjell har lært mange slåtter etter far sin, Matias Stormoen (1903–1992). Kjell er ein habil og aktiv felespelar, og er ei viktig kjelde for slåttespellet i Gausdal. Han har vore medlem i Gausdal Spelmannslag sidan starten i 1977.

14. Gutten å jinta

Petter Syversen (1845–1928) frå Biristrand var smed og ordsmed, men vart fyrst kjend for å klatre usikra i kyrkjetårn, og fekk kallenamnet Tårnpetter. Petter var ein fascinerande kar, og diktaren Olav Aukrust, bilethoggaren Rolf Lunde og språkforskar Sigurd Kolsrud kom på besøk for å høre han fortelje. Lunde laga ein statue av Tårnpetter som står ved Nasjonalgalleriet og like ved Lillehammer kirke, og Kolsrud skreiv ned songane *Gutten å jinta* og *Bokken* etter Petter. *Bokken* er skriven av Gunder Gryte (1780–1847) frå Gausdal, og den har eigentleg fleire vers og ein annan melodi. I *Ekegardom* er etter Mathea Bakke (f. 1826) frå Biri, ho hadde ein bror som vart kalla Even spillemann (Ringlien). I fylgje Ole Feiring song ho mange balladar, men dei vart ikkje skrivne ned. Det siste verset, *Hauld kjæften*, vart sunge på Biri. Vi har også tatt med eit vek av ein masurka etter Lars Audenhus (1854–1944), spelemann og bonde frå Vingrom.

*Guten: Å vi du vara så god som gull
så ska du tia nå je æ full.*

*Jinta: Du ha inte galo å inte jolo
å inte stolo å sitta på –
slike fainter æ dæ nok å få.*

*Guten: Å kåmmå borti ei betler hytte
mæ mange unger tæ inga nytte
dæ bli svarte filler og tomme fat
og bona bælja og vil ha mat.*

*Guten: Å vil du ha mei så kain du få mei
å alt je ha, så ha je på mei
ei fille trøye og stubbe flak
å vil du inte så kjyss mei bak.*

*I Ekegardom der bor tre systre
som rosa lik er nå den fyste,
den andre er som ei rupe kvit,
den trea er som ei barka hit!*

*Dæ va ein lorda je skulle mala
men je får akte mei hoss je tala
men je vil snakke på lite tæll:
bokken strauk bort en lordagskvæll.*

*Hauld kjæften på deg din klokkerpinn,
og bry deg itte om sangen min.
Je har vøri i bygda i 40 år,
je veit fel åssen tona på salma går.*

15. Bånsullen hass Nils

Nils Bjørge (1915–2012) var ein kulturperson frå Åndsreppen i Østre Gausdal. Han var målmann, forfattar, gartner og jordbrukar. Han skreiv mange viser, vers og bøker og omsette mellom anna Peer Gynt til gausdøl. Han har laga denne bånsullen som han spelte på fele medan ungane var små.



«Saa maatte Ungdommen af Gulvet, og de Gamle stillede sig op, medens Morten Døvingen strammede sig og med en viss Høitidelighed intonerede Menuetten af Don Juan eller Elverhøi. Og saa begyndte en Dands saa korrekt og elegant, at man ikke skulde tro, det var Bønder, som traadte dem, som maatte gjøre Indtryk paa alle, og som har efterladt et varigt Billede i min erindring.»

(Erindringar frå juleball i Gausdal 1847–54 av Wilhelm Holter)

Svartevja er Nina Fjeldet (fele og oktavfele), Camilla Granlien (vokal og kontrabass), Johannes Selvaag (fele, oktavfele og kor) og Mari Skeie Ljones (fele og kor).

Alle arrangement er laga av Svartevja

Produsent: Synnøve S. Bjørset

Lydteknikar, miksing og mastering: Fridtjof A. Lindeman

Spelt inn i Reelbeats studio (hos Magnus Beite)

på Lillehammer juni 2018

Foto: Ingvil Skeie Ljones

Grafisk formgjeving: Anna Prestsæter

Takk til familiane våre, Gausdal spelmannslag, Lillehammer spel- og dansarlag, Kjell Stormoen, Harald Bræin, Sjørdalsarkivet v/ Tom Willy Rustad, Stein Villa, Nasjonalbiblioteket, Gunnhild O. Nordahl (for bratsjboge), Østre Gausdal prestegård, naboane til Svartevja, alle dei som har vore med og laga denne plata og alle som har inspirert og hjulpet oss.

Utgjevinga er støtta av Norsk kulturråd, Fond for utøvende kunstnere, Rådet for folkemusikk og folkedans, UL Ottar Birting, Lillehammer spel- og dansarlag, Gausdal spelmannslag, G-kultur og Gudbrandsdal folkemusikklag. Takk!

Kjelder: Feiring, Ole (red): Fra menuett til masurka, Gjøvik historielag 1991. Halvorsen, Karl: Edvard Bræin. Mesna trykk, Lillehammer 1970. Henriksen, Ole-Hermod: Suller og viser samla i Gausdal, Gausdal historielag 1989. Kydland, Modalsli, Ystad: Song og dans i det unge Norge, Dreyers forlag 2017. Lillevold, Eyvind: Fåberg bygda og banken, Fåberg Sparebank, 1957. O.M.Sandvik: Folkemusikk fra Gudbrandsdalen, Forlaget av Johan Grundt Tanum, Oslo 1948. Prøysen, Alf: De gamle visene, Forlaget for alle, Oslo 1972.

Sjå musikkvideo med Svartevja, laga av Sveinung Skeie Ljones på: www.mariskeieljones.com/svartevja
Kontakt: svartevja@gmail.com

SVARTEVJA

1	To feiarar	02.56
2	Druen vokser	02.28
3	Springar etter Tobias Kirkebøhaugen	03.07
4	Springeren og Tronn Tråver	03.05
5	Norvald	02.51
6	Suttestadvisa	03.35
7	Menuett etter Kristian Hansen Hølen	03.17
8	Riddaren og jomfrua	02.44
9	Frøylings	03.22
10	Hågåhaughallingen	01.56
11	Hvi vil du dig saa klage	04.38
12	Springdans etter Kristian Hansen Hølen	01.44
13	Galopp etter Stormoen	02.00
14	Gutten å jinta	02.08
15	Bånsullen hass Nils	05.03

ta:lik

TA201 © Talik 2018
info@talik.no
www.talik.no



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Rådet for
folkemusikk og folkedans